

Skipshistorisk klenodium til kai ved Eidsvik

26.05.2014



Halvard Hammerø og Magnar Sætre etter ankomst til Eidsvik med Bjørn West (før Tyr)

Eidsvik har igjen fått båt ved kai og Uskedalen har fått eit skipshistorisk klenodium. I ettermiddag la MS Bjørn West til ved det konkursramma verftet og skipet vert truleg liggjande der lenge. Det har vore både kanonbåt, mineleggjar og ferje og er verna av Riksantikvaren. I dei seinare åra har det hatt eit omflakkande liv som Halvard Hammerø i Opsangervågen Kystbåtlag på Sunde no vonar skal få eit meir stabilt preg. Men for å fullføre restaureringa trengs det minst millionbeløp og førebels har Riksantikvaren og fylkeskommunen berre skote inn 300 000 på 2 år.

- Det er ikkje plass til båten på Sunde og vil er fulle av takksemd over den gjestfriheit Svein Arne Eidsvik har lagt for dagen, seier tidlegare skipsførar Hammerø som kom med båten saman med tidlegare maskinsjef Magnar Sætre, som bur i Vats. Tidlegare skipsførar Edmund Hammerø, bror til Halvard, er også sentral på eit lag som no eig 6 båtar.

Opprinnelig heitte Bjørn West Tyr og han vart bygt ved Marinens Hovudverft i Horten i 1887, Hammerø fotel at det framleis er spor etter første bolken i livet til båten, til dømes tredekk og kanonfeste, men ellers er det ikkje lett å forstå at dette har vore noko anna enn ei ferje. Faktisk var det plass til 20 bilar på dekket. Det var i Sogn båten trafikerte.

Dette er den einaste gjenverande farkost som var mobilisert i alle dei 3 krisesituasjonane som landet vårt har vore gjennom i nyare tid. Særleg vart båten kjend for mineleggjinga i Lerøyosen natta til 9. april, noko som førte til at 3 tyske skip vart

seinka. Seinare var han med i kampane i Uskedalsområdet, særleg ved Ånuglo.

- No gjeld det å hindra forfallet, det gjer seg gjeldande både teknisk og ellers i denne båten og andre båtar, seier Halvard, ein av mange entusiastar innanfor fartøyvernet i distriktet vårt.



Bjørn West i sjøen

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen og Opsangervågen Kystbåtlag



Bjørn West på land